

Omega 365 Protek AS
Norevegen 17
5542 KARMSUND

Vår dato: 15.06.2026

Vår ref.: 202612954-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE sitt generelle innspel - Endring av reguleringsplan for hyttefelt Grunnavåg etter forenkla prosess - Gnr. 199 bnr. 165 m.fl. - PlanID 20120027 - Kvinnherad kommune

Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 03.06.2026.

Om NVE

NVE er nasjonal sektorstyresmakt for flaum, erosjon, skred, vassdrag, grunnvatn og energi. I tillegg rettleiar vi om førebygging av skadar frå overvatn og forvaltning av vassdrags- og energirelaterte kulturminne. Som høyringsinstans skal vi bidra til at nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor saksområda våre blir varetekne.

På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle tilbakemelding

Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. Vi har laga ein [kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#) som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. [Veileder: Unngå innsigelse fra NVE i arealplaner](#).

De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. På NVE sine nettsider finn de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløyisingar.



Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Peer Sommer-Erichson
Fung. seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Omega 365 Protek AS

Kopimottakarar:

KVINNHHERAD KOMMUNE